

16/155953-20
450



FTU Sogn og Fjordane
Statens vegvesen, Region Vest
Askedalen 4
6863 Leikanger



Stårheim IL

6777 Stårheim

Stårheim 26.05.2017

Søknad om stønad til lokalt tiltak for trafikktryggleik

Stårheim IL søker med dette stønad til etablering av rulleskiløype i tilknytning til skiskyttarstadion på Harpefossen skisenter i Eid kommune.

Stårheim IL skiskyting tilbyr barn og ungdom frå heile kommunen, og tilstøytane kommunar, opplæring, trening og konkurransar innan skiskyting og langrenn. Dei siste åra har vi hatt mellom 25 og 40 aktive løparar frå 7 til 21 år. Dei er hovudsakleg frå Eid kommune, men vi har også medlemmar frå Bremanger og Gloppen.

Vi har etablert skiskyttarstadion med 16 blinker på Harpefossen, og har nettopp fått satt opp eit klubbhus med skyttarhus, tidtakerhus og sanitæranlegg. Dette anlegget vart tatt i bruk i 2016.

I samarbeid med langrennsgruppa til Haugen IL, planlegger vi no å bygge ei rulleskiløype på skiskyttarstadion, slik at vi kan få rulleskitreningane bort frå trafikkerte vegar og inn på bilfritt område.

Rulleskitreningane for våre aktive utøvarar skjer i dag på gangvegar og bilvegar rundt omkring i kommunen.

Søknadsbeløp: kr. 600.000,-

Prosjektet er delt opp i «opparbeiding av grunn» og «toppdekke asfaltering» og har ei samla kostnadskalkyle på ca. 2,8 mill. Fordeling av spelemidlar, dugnad, gåvemidlar og eigenkapital kjem fram av finansieringsplanen for begge prosjekta.

Søknadsbeløpet vil dekke postane gåvemidlar samla på dei 2 spelemiddelprosjekta (ref kalkyle).

Det blir også søkt om sponsorstøtte frå sparebanker og lokale bedrifter, men det er ikkje kome inn positive svar enno.

Forventa resultat:

Blir det etablert rulleskibane tilknytt skiskyttarstadion, er forventningane at vi skal klare å oppretthalde aktiviteten i klubben på dagens nivå eller høgare. Det blir enklare å rekruttere nye, og halde på dei vi allereie har som medlemmar.

Treningane blir flytta vekk frå trafikkerte vegar og ein slepp å køyre mange mil for å eventuelt trene på andre rulleskibaner.

Framdriftsplan:

Får vi på plass nødvendig finansiering og idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av prosjektet, er planen å starte arbeidet etter sommarferien i 2017.

Går alt etter planen, vil vi kunne ferdigstille første etappe med opparbeiding av grunn, i løpet av september/oktober 2017.

Legging av toppdekke/asfalt skjer mai/juni 2018, når grunnen har fått «satt» seg.

Finansiering: (sjå kalkyle)

Som det framgår av kalkylane, utgjer spelemidlar 33% av finansieringa. Dette beløpet blir forskottert med lån i lokal bank.

Eigenkapital dekkast av oppsparte midlar i Stårheim IL og Haugen IL.

Eit tilskot til dette prosjektet vil ha stor betydning for ein klubb der alt arbeid blir drive på dugnad. Alt av organisering, trening og inntektsbringande arbeid, blir utført utan honorar av noko slag.

Dersom vi ikkje får inn tilskot og gåvemidlar til dette prosjektet, må all finansiering skje via lån i bank.

Framtidig mål er å vere ein klubb for både topp og breidde, og behalde det gode miljøet som er etablert i skiskyttargruppa. Vi skal ha eit tilbod

både til dei som vil satse på sporten for å bli best mulig, og for dei som er med fordi skiskyting er moro og har eit trygt og godt miljø.

Kontaktinfo for Stårheim IL skiskyting:

Nils Magne Nedreberg

Myrstad

6777 Stårheim

Mobil: 951 93 345

e-post: nimaned@gmail.com

Håper på positivhandsaming av søknaden og trengs det utfyllande opplysningar, så er det berre å ta kontakt.

Mvh

Nils Magne Nedreberg



- leiar skiskyttargruppa-

Vedlegg:

1. Signert grunneigaravtale
2. Kalkyle for opparbeiding av grunn
3. Kalkyle for toppdekke/asfaltering
4. Kar over rulleskiløypa

AVTALE OM BYGGING AV RULLESKILØYPE I TILKNYTNING TIL SKISKYTTARSTADION

Denne avtale gjelder for 30 år: 01.10.2016 til 30.09.2046.

Avtalen er inngått mellom:

Grunneigar Ottar Smørdal gnr./bnr.: 20/2 pers.nr: 28054137186

Grunneigar Frode Naustdal gnr./bnr.: 20/4 pers.nr.: 01116435752

på den eine sida og

Stårheim IL v/skiskyttargruppa org.nr: 971 365 897

Harpefossen Skisenter AS org.nr: 982 362 738

på den andre sida. Avtalen inneber at grunneigarane stiller grunn til rådighet slik at det kan byggast rulleskibane i tilknytning til skiskyttarstadion på Harpefossen.

Det vert gjeve løyve til å:

- Bruke området i 30 år, 01.10.16 til 30.09.46.
- Planere bakken i traseen som angitt på kart
- Drenere området for å få vekk vatn
- Legge duk, geonett, pukk og asfalt på trase angitt på kart
- Sette opp lysmaster langs traseen ved behov og etter nærmare avtale
- Rydde traséane for skog som veks opp. Tømmer og ved tilfell den einskilde grunneigar og blir plassert på avtalt stad av utbygger.
- Sette opp gjerde på begge sider av asfaltert løype der det er nødvendig for å hindre beitedyr å kome inn på løypa.

Denne avtalen kan tinglysast.

Nordfjordeid den

Eigar av gnr/bnr, 20/2: Ottar Smørdal,

Ottar Smørdal
Underskrift

Eigar av gnr/bnr, 20/4: Frode Naustdal,

Frode Naustdal
Underskrift

Stårheim IL v/leiar: Arnstein Ivesdal,

Arnstein Ivesdal
Underskrift

Stårheim IL-skiskyting v/leiar: Nils Magne Nedreberg,

Nils Magne Nedreberg
Underskrift

Harpefossen Skisenter AS v/styreleiar: Nils Magne Nedreberg,

Nils Magne Nedreberg
Underskrift

Harpefossen Skisenter AS v/styremedlem: Morten Smørdal,

Morten Smørdal
Underskrift

RULLESKILØYPE SKISKYTARSTADION PÅ HARPEFOSSEN - OPPARBEIDING AV GRUNN

Lengde 1100
 Bredde 4
 Kostnad kr 1 417 421
 Pris pr meter kr 1 289

Kostnadsalkyle

Post	Mengde	Enhet	Ehetskpris	Kostnad	Dugnad	Gave	Innkjøpt	Moms	Brutto	Ansvarlig
Adm.	193	timer	kr 350	kr 67 496	kr 67 496	kr 0	kr 0	kr 0	kr 67 496	Nils Magne Nedreberg
Maskinarbeid	100	timer	kr 950	kr 95 000	kr 0	kr 0	kr 95 000	kr 23 750	kr 118 750	Frode Naustdal
Fiberduk	4400	m2	kr 14	kr 61 600	kr 0	kr 0	kr 61 600	kr 15 400	kr 77 000	Reidar Vonheim
Geonett	4400	m2	kr 38	kr 167 200	kr 0	kr 0	kr 167 200	kr 41 800	kr 209 000	Reidar Vonheim
Pukk	1320	m3	kr 270	kr 356 400	kr 0	kr 0	kr 356 400	kr 89 100	kr 445 500	Frode Naustdal
Skotstein	100	m3	kr 270	kr 27 000	kr 0	kr 0	kr 27 000	kr 6 750	kr 33 750	Frode Naustdal
Grus	440	m3	kr 290	kr 127 600	kr 0	kr 0	kr 127 600	kr 31 900	kr 159 500	Frode Naustdal
Finpukk	440	m3	kr 290	kr 127 600	kr 0	kr 0	kr 127 600	kr 31 900	kr 159 500	Frode Naustdal
Utlekking av fiberduk og geonett	105	timer	kr 350	kr 36 750	kr 36 750	kr 0	kr 0	kr 0	kr 36 750	Reidar Vonheim
Legging av rør++	60	timer	kr 450	kr 27 000	kr 27 000	kr 0	kr 0	kr 0	kr 27 000	Reidar Vonheim
Rør stikk (300-500mm)	198	m	kr 230	kr 45 540	kr 0	kr 0	kr 45 540	kr 11 385	kr 56 925	Reidar Vonheim
Plukking av stein	75	timer	kr 350	kr 26 250	kr 26 250	kr 0	kr 0	kr 0	kr 26 250	Nils Magne Nedreberg
Totalt				kr 1 165 436	kr 157 496	kr 0	kr 1 007 940	kr 251 985	kr 1 417 421	

Finansieringsplan

Post	Sum	Andel
Dugnad	kr 157 000	11 %
Gavemidler	kr 300 000	21 %
Driftskreditt	kr 252 000	18 %
Egenkapital/lån	kr 236 000	17 %
Spillemidler	kr 473 000	33 %
Totalt	kr 1 418 000	100 %

Nils Magne Nedreberg

Frode Naustdal, Volda Maskin:

Reidar Vonheim, VA Nett:

Kedloss 2

RULLESKILØYPE SKISKYTARSTADION PÅ HARPEFOSSEN - Toppdekket Asfaltering

Lengde 1100
 Bredder 4
 Kostnad kr 1 400 700
 Pris pr. meter kr 1 273

Kostnadskalkyle

Post	Mengde	Enhet	Enhetspris	Kostnad	Dugnad	Gave	Innkjøpt	Moms	Brutto	Ansvarlig
Adm.	191	timer	kr 350	kr 66 700	kr 66 700	kr 0	kr 0	kr 0	kr 66 700	Nils Magne Nedreberg
Rigg	1	stk	kr 3 000	kr 3 000	kr 0	kr 0	kr 3 000	kr 750	kr 3 750	Reidar Vonheim
Oppretting og legging av fingerus	4400	m ²	kr 40	kr 176 000	kr 0	kr 0	kr 176 000	kr 44 000	kr 220 000	Reidar Vonheim
Asfalt	4400	m ²	kr 170	kr 748 000	kr 0	kr 0	kr 748 000	kr 187 000	kr 935 000	Reidar Vonheim
Fingerus	220	m ³	kr 285	kr 62 700	kr 0	kr 0	kr 62 700	kr 15 675	kr 78 375	Reidar Vonheim
Gjerdestolpar	300	stk	kr 30	kr 9 000	kr 0	kr 0	kr 9 000	kr 2 250	kr 11 250	Reidar Vonheim
Gjerdeneetting	300	m	kr 50	kr 15 000	kr 0	kr 0	kr 15 000	kr 3 750	kr 18 750	Reidar Vonheim
Toppstreng	300	m	kr 15	kr 4 500	kr 0	kr 0	kr 4 500	kr 1 125	kr 5 625	Reidar Vonheim
Oppsetting av gjerde	100	timer	kr 350	kr 35 000	kr 35 000	kr 0	kr 0	kr 0	kr 35 000	Nils Magne Nedreberg
Tilslåing av kanter	75	timer	kr 350	kr 26 250	kr 26 250	kr 0	kr 0	kr 0	kr 26 250	Nils Magne Nedreberg
Totalt				kr 1 146 150	kr 127 950	kr 0	kr 1 018 200	kr 254 550	kr 1 400 700	

Finansieringsplan

Post	Sum	Andel
Dugnad	kr 127 000	9 %
Gavemidler	kr 300 000	21 %
Driftskreditt	kr 255 000	18 %
Egenkapital/lån	kr 252 000	18 %
Spillemidler	kr 467 000	33 %
Totalt	kr 1 401 000	100 %

Nils Magne Nedreberg

Reidar Vonheim, VA Nett:

Vedlegg 3

